



Sygni Eikemo
Eidavegen 256
5993 ØSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18259 - 20/75800

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
27.11.2020

Førebels svar med trong for tilleggsopplysingar - gbnr 238/4 Eknes indre

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 238/4
Tiltakshavar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå planføremålet LNF (landbruk, natur og friluftsliv) i kommunedelplan for Lindås (tidlegare kommuneplan). Søknad om dispensasjon er ein skriftleg søknad, der det skal gå fram kva ein søkjar dispensasjon frå og søknaden må vere grunngjeve. I grunngjevinga må det visast til kva konsekvensar arealoverføringa vil få for LNF-formålet og kva fordelar som talar for at det er grunnlag for å gi dispensasjon. Videre gjer vi merksam på at søknad om dispensasjon må nabovarlast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **25.12.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ivan Myhr	Eknes 17	5993	OSTEREIDET
Kine Iren Nordal	Eknes 17	5993	OSTEREIDET

Mottakarar:

Sygni Eikemo	Eidavegen 256	5993	OSTEREIDET
--------------	---------------	------	------------